

# Møte i politisk prosjektgruppe - eigarskap

**Dato:** 14.05.2018

**Tid:** kl. 13:00 – 15:00

**Stad:** Førde rådhus – møterom Angedalen 4. etasje

**Til stades:** Bjørn-Harald Haugsvær KrF Førde (leiar), , Ragnhild Sæle Ap Jølster, Heidi Vallestad SV Gaular, Helge Robert Midtbø Ap Førde og prosjektsekretær Lise Mari Haugen

**Forfall:** Gunn Merete Paulsen V Førde, Lena Kristin Eliassen Sp Naustdal, Oddmund Klakegg Sp Jølster, Olve Grotle H Førde og Anders Kristian Sæggrov H Jølster.

## 1. Godkjenning av referat frå møte 9. april 2018

Korrigerings: Ragnhild Sæle var ikkje til stades på møte.

Vedlagt referat med korrigerings vart samrøystes godkjent.

## 2. Godkjenning av innkalling og forslag til agenda

Innkalling og agenda vart samrøystes godkjent.

## 3. Konkretisere prosess for hausten/ spisse mandat

I vedteke prosjektdirektiv er det frå 01.07.18 - 31.12.18 sett opp drøfting og evt. tilråding til endringar.

Det er behov for å konkretisere prosess og spisse mandat:

Saksutgreiing:

- a. Vidareføring av interkommunale samarbeid
- b. Selskap - skilje mellom lovpålagde oppgåver, viktige samfunnsfunksjonar og andre
- c. Vurdere selskap/samarbeid som bør endrast. Dette vert lagt fram for fellesnemnda i møte desember 2018.

Utarbeide "sil" for vurdering av dei ulike samarbeid/selskap:

- a. Representasjon/styre
- b. Kostnadsfordeling
- c. Risiko
- d. Omdøme
- e. Verdivurdering
- f. Kompetanse

## 4. Kommunikasjonsplan

Invitere til møte med HAFS (Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen) då mange selskap/samarbeid er med desse kommunane. Informasjon og dialog.

Til stades: ordførarar og rådmenn frå HAFS, leiar i fellesnemnda, prosjektleiar, leiar og sekretær for arbeidsgruppa

Tidspunkt: august 2018

Alle selskap/samarbeid skal informerast om vidare prosess. Informasjonsskriv i etterkant av juni-møte i fellesnemnda.

Leiar i arbeidsgruppa tar kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Informere og avklare prosess i fylkeskommunen.

## 5. Møteplan haust 2018

Møtetidspunkt: kl. 13-15

Møtedag: måndag

Dagmøte i september (bestemme sil/vurdering)

Heildagsmøte/ arbeidsmøte i oktober (siling)

Dagmøte i november (innstilling i fellesnemnda)

**6. Internasjonalt samarbeid**

Prosjektgruppa bør sjå på/ evaluere internasjonalt samarbeid:

- Kent, Washington, USA
- La Crosse, Wisconsin, USA
- Vestnorges Brusselkontor

Fredskorpset/ UWC - aktuelle framtidige samarbeidspartar?

**7. Faktadel**

Gjennomgang og godkjenning av faktadel

Korrigeringsdel: eigardel: endre Sys IKT til 4/10

**8. Oppfølgingspunkt**

Sjekk ut formell saksprosess i høve å vedta eigarstrategi i fellesnemnda.